

Nynorsk på innbyggjarportalen

Randaberg kommune er språknøytrale.

Definisjonen på «språknøytral» finn vi i språklova frå 1.1.2022, § 11:

- Ein kommune (...) kan sjølv vedta å krevje at statsorgan skal bruke berre bokmål eller nynorsk i all skriftleg kommunikasjon med kommunen (...), eller at kommunen (...) skal vere språkleg nøytral. Ein kommune (...) skal reknast som språkleg nøytral så lenge det ikkje er gjort noko slikt vedtak.

Det er eit mål for Randaberg kommune å auke prosentdelen av nynorsk

Bokmål og nynorsk er likeverdige språk som skal kunne brukast i alle delar av samfunnet.

I offentlege organ er bokmål og nynorsk jamstilte skriftspråk.

Både det vekslande tilfanget og ein del av dei faste tekstane skal vere på nynorsk.

Interne sider og sider for tilsette er ikkje omfatta av dette kravet.

Som offentleg organ skal vi ta ansvar for å bruke, utvikle og styrkje nynorsk.